

HS Bygg

Årlig klima- og miljørapport for 2021



Beskrivelse av virksomheten:

HS Bygg er ein byggentreprenør. Utfører alle typar byggeoppdrag for private og offentlege byggherrar. Selskapet har om lag 50 eigne tilsette. Ei blanding av dyktige fagarbeidarar, kompetente ingeniørar og teknikarar

Virksomheten sertifiseres etter følgende kriterier:

Byggentreprenør, Felles kriterier, Leietaker

Sertifikat 

Type: 3-årig


Utstedt: 05 des., 2019

Utløper: 05 des., 2022

★ Systemindikatorer


Årlig omsetning

↑ 61% fra 2020



Antall årsverk for rapporteringsåret

↓ -18% fra 2020




Kommentarer

HS hadde om lag 47stk tilsette i snitt 2021. Av disse var ca 10 administrativt tilsette som hadde tilhold på Heradsheim. I delar av året har nokre av sistnemnde gruppering vore ute på prosjekt, slik at vi ender opp med ei samla årsverk på om lag 8,3 for 2021. Andre leigetakarar på huset har vore litt vekslende og ligg på eit snitt på ca 7,5 stk. Totalt 15,8 årsverk hadde derfor tilhold på Heradsheim i 2021. For å sørge for meir korrekt statistikk under vidare utfylling av rapporten lenger ned (spesielt der årsverk inngår i reiknestykket), er det dei 15,8 årsverka som blir rapportert som gjennomsnitt her. Omsetning er på rapporteringstidspunktet ikkje ferdig revidert, så kan kome avvik

Arbeidsmiljø

Sykefravær i prosent

↑ 1% fra 2020



Kommentarer


Data henta frå lønssystemet. Mål for sjukefravær er å ligge godt under bransjesnittet. For 2021 var dette ifølge SSB (for næringa bygge- og anleggsvirksomheit i tabell 12441) på 6%.

Det har fortsett å være litt utfordrande forhold i bransjen med lav terskel for å halde seg heime frå jobb ved forkjøling/symptom, samt avvikling av karantene ved smitte. Derav, også uvanleg høgt sjukefravær mot det som er normalt for HS.


Det høge sjukefraværet er også blitt med oss dei første månadane inn i 2022 på grunn av lokalt høge smittetal.




Antall miljømerkede produkter



Antall leverandører som har et sertifisert miljøledelsessystem som Miljøfyrtårn, ISO 14001, EMAS eller tilsvarende.




Andel av vesentlige leverandører som har et sertifisert miljøledelsessystem



■ Andel av vesentlige leverandører som har et sertifisert miljøledelsessystem

Totalt mengder årlig forbrukt papir

↘ -28% fra 2020



🗨 Kommentarer


Oppgitt mengde papir gjelder forbruk på Heradsheim i 2021. En vesentlig nedgang i forhold til førre år kan forklarast med at vi i 2021 hadde fleire større prosjekt lenger vekk frå Stryn, og at her ikkje vart så stor grad av utskrift til prosjekta frå hovedkontoret. Vi prøvar også på fleire digitale løysingar som gjer at vi ikkje skal skrive ut i like stor grad som før.

Oppgitt mengde frå leverandørar som har sertifisert miljøledelsessystem er teke ut i frå ei oversikt over dei ca 150 stk mest vesentligste leverandørar/underentreprenørar som vi har hatt samarbeidd med dette året

⚡ Energi


Energiforbruk

↑ 3% fra 2020



Energiforbruk pr. kvadratmeter

↑ 3% fra 2020




Kommentarer

Bruksareal er teke ut for totalt areal på Heradsheim, sjølv om det er fleire leigetakarar her. Det elektriske forbruket gjeld dermed også for heile bygget, sjølv om det er eksterne leigetakarar. (det er ikkje egne målarar per leigetakar).


Statistikken viser ein liten oppgang frå 2021. I all hovudsak ser vi at meirforbruket skjer i dei kalde månadane og at det truleg er relatert til utetemperaturen.

Transport


Drivstofforbruk, totalt




Drivstofforbruk per mil




Antall kjørte kilometer




Tjenestereiser




Kjøregodtgjørelse for tjenestereiser



Flyreiser



Klimagassutslipp fra flyreiser




Kommentarer


Kørte km med firmabilar henta frå regnskapssystemet og innrapportert til ligningsmyndigheiter pr. 31.12.2021. Vi har hatt ein nedgang i køyrte km på firmabilar sidan 2020, noko av dette kan truleg forklarast med at større prosjekt med reiseavstand har blitt avslutta, og her har også vore meir bruk av privatbilar slik at vi ikkje har vore for mange i same bil mtp. smittevern. Flytur var i forbindelse med Breeam AP-utdanning

Avfall og ombruk

Totalt avfall




Avfallsmengder per avfallskategori



Sorteringsgrad

↓ -27% fra 2020



Kommentarer

Gjelder avfall generert frå heile Heradsheim.

Alle leigetakarar på huset leverer avfall i same avfallsbeholdar. Vi har to beholdarar til disposisjon, ein for papp/papir, og ein for restavfall. Det blir generert veldig lite matavfall på huset, og i samråd med renovatør skal dette gå i restavfallet (emballasjeplast går også i restavfallet). Fraksjonane blir sortert i huset etter kjeldesorteringsinstruks.


Vi genererer absolutt mest avfall ute i byggeprosjekta. Det er ikkje medteke i denne rapporten, fordi det ikkje er naturleg å samanlikne det med antal årsverk, eller anna informasjon som her er registrert for Heradsheim.

Det er heller ikkje slik at prosjekta alltid starter og er ferdig innad i eit kalenderår, og type/antal prosjekt varierer frå år til år. Iht. Krava i TEK 17 §9-8 Ytre miljø, logger vi avfall frå byggeplass som fraksjonar målt i kg/m² BRA (Bruksareal). Sorteringsgrad (min 60%) m.m. blir rapportert inn til myndigheitene i samband med søknad om ferdigattest for det enkelte prosjekt. Dette gir oss også ein god internstatistikk på både kostnad og mengde avfall alt etter type prosjekt.

⚡ Klimaregnskap

Klimagassutslipp totalt

↑ 18% fra 2020



Gjennomførte tiltak

Arbeidsmiljø

Bedriftshelsetjenesten har foretatt ei kartlegging av kontorarbeidsplassane til dei tilsette, med tilhøyrande råd og anbefalingar.

Det er gjennomført målretta helsekontroll for 9 tilsette.

Det er gjennomført ei sosial samling/sommaravslutning for dei tilsette i tråd med coronareglementet som var gjeldande på tidspunktet.

Det er innført ei ordning der ein for kvar ny medarbeider vi klarar å tilsette, etter tips frå våre tilsette i HS Bygg, vil det bli overført ei pengebeløp til ei felleskasse, som tillitsmannsapparatet disponerer til felles sosiale arrangement.

Det er gjennomført opplæring i truck/manitou for 2 tilsette

Alle tilsette hadde tilbod om å reise på Bygg- reis deg messe 2021 for fagleg påfyll.

Vi har hatt tilgjengeleg skikort m/gratis parkering som alle tilsette kan nytte seg av på kveld og helg.

Det er oppretta eit aktivitetstilbod med fotball/bandy for dei tilsette. Vi håpar dette vil bli eit meir brukt tilbod etter kvart som vi kjem over smittetoppen.

Det er gjennomført julelunsjar i kohortar ute på dei forskjellige prosjekta. Planen var å halde ei fellessamling, men dette måtte avlysast pga. dei gjeldande reglane for corona før jul.

Det er investert i en del nytt EL-handverktøy til tilsette. Nye verktøy som er lettare, mindre av størrelse og vibrerer mindre.

Det har vore stort fokus på smittevern med oppdatering av reglar og råd for smittevern jamnleg. Alle våre prosjekter har i 2021 innarbeid og levd med prosjektilpassa rutiner for smittevernshåndtering på byggeplassane. Alle tilsette har fått innføring i og er underlagt desse rutinene og reglane på dei respektive prosjekta dei arbeider på.

Innkjøp og materialbruk

Arbeidet med innkjøpsrettleiar og oppdaterte rutiner for innkjøp vil fortsette i 2022. I lys av Koronaepidemien har dei administrative ressursane våre fått fleire arbeidsoppgåver, og kapasiteten på denne typen oppgåver er blitt redusert.

Det er fortsatt på agendaen å slutføre eit utkast til dette.

Vi har i 2021 (som i 2020) kartlagt materialleverandørar som er langt framme på produktokumentasjon, og som har innebygde tenester i systema sine som gir oss adgang til å sette parameter/vilkår for materiale som bestillast til prosjekta. Dette kan være særlyst nyttig dersom byggeprosjekt f.eks har veldig strenge miljøkrav.

Avfall

Målsetning om mengde restavfall på Heradsheim på 660kg frå 2020 er ikkje nådd.

Intern erfaringsbank for statistikk/erfaringstal på avfallshåndtering er etablert, supplerast med data frå dei forskjellige byggeprosjekta våre når det skal søkast om ferdigastest.

Vi har gått til anskaffelse av fleire avfallssorteringsvogner og søppelsekkstativer slik at vi har stor kapasitet og kan legge godt til rette for avfallssortering ute på prosjekta.

Det største prosjektet vi hadde i 2021 vart avslutta med sorteringsgrad på 85,22 %. (kravet i Teknisk forskrift er min 60% sorteringsgrad)

Energi

Det er som nemnt i fjorårets handlingsplan litt avgrensa kva vi kan gjere energimessig på Heradsheim som leigetaker.

Det er ikkje blitt gjort spesielle tiltak med det tekniske anlegget med mål om å redusert energiforbruk. Punkt vil bli vidareført til handlingsplan for neste rapporteringsår.

Ingen av prosjekta våre i 2021 er varma opp/tørka ut med anna utstyr enn elektriske ovnar/luftavfuktarar. (ikkje brukt fossilt brensel)

Transport

En av dei eldste bilane våre, ein Toyota Hilux 2008 er avskilta.

Utslipp til luft og vann

Vi har vurdert innkjøp av piggfrie dekk til ein bil, men ut i frå bruken til bilen falt valget på piggdekk.

En av våre gamlaste bilar, ein Toyota Hilux er avskilta. Vi har ingen firmabiler eldre enn 2008.

Det er forespurt pris på ladestasjon EL-bil ved parkeringsplass Heradsheim, men foreløpig er ikkje dette blitt etablert.

Annet

2 tilsette har i november tatt innføringskurs i Breeam Nor hos Grønn byggallianse.

1 ansatt har i desember tatt nytt kurs og blitt godkjent sertifisert som Breeam AP.

Handlingsplan

Miljøpolicy med konkrete mål for helse, miljø og sikkerhet

I HS Bygg tek vi vare på våre tilsette – det skal være triveleg å arbeide i HS.

Vi skal ikkje ha alvorlege ulykker hos eigne tilsette eller hos våre underentreprenørar.

Vi ynskjer å skape eit triveleg og sikkert arbeidsmiljø for alle tilsette i HS. Vi tek vare på verksemda sine bygningar og materiell, og vi vil forhindre belastning på det ytre miljøet.

(Policy for ytre miljø kan hentast ut på våre heimesider hs-bygg.no).

Våre produkt skal ikkje skade brukarane.

Desse måla skal vi nå gjennom stadige forbetringar. Både leiling og tilsette skal delta aktivt i forbetningsarbeidet.

Systematisk helse- miljø og sikkerhetsarbeid skal betre driftssikkerheit og lønsemd. HS Bygg sine produkt og tenester skal oppfylle brukarane sine krav til kvalitet og punktlegheit, både i dag og i framtida.

Arbeidsmiljø: Mål og sykefravær

5 %

Arbeidsmiljø: Tiltak

Kartlegge behov for oppdatering av kurs og nye kurs.

Sosial samling ifb. med avslutning til sommarferie, og til jul.

I samarbeid med bedriftshelsetjenesten er det planlagt å gjennomføre ei kartlegging av støy på byggeplass.

Oppstart målretta helsekontroll alle tilsette frå hausten 2022.

Innkjøp og materialbruk: Tiltak

Fortsatt utvikling av innkjøpsrettleiar/innkjøpsrutiner

Innføring i Breeam som er gjort seint i 2021, vil kunne gi oss økt fokus og kunnskap relatert til miljø/bærekraftstyring i innkjøp.

Energi: Mål

130 kWh per kvadratmeter

Energi: Tiltak

Sjå på løysing med teknisk utstyr som reduserer varme/ventilasjon på kveldstid/helg/feriar når det ikkje er folk på Heradsheim.

Transport: Mål, drivstofforbruk pr. mil

0,9 liter pr.mil

Transport: Tiltak

Vi vil alltid vurdere videomøter foran reising.

Mest mogleg samkjøring i bil på veg til dei forskjellige byggeprosjekta vi har.

Alle prosjekt skal holde bilbruken til det minimale, god logistikk/planlegging vil hindre unødige turer til nærmeste byggevarehandel for å kjøpe småting.

Det er behov for ein varebil i 2022. Vi vurderer ny eller brukt bil opp imot bruken.

Styret har beslutta at eventuelt kjøp av heilt nye bilar skal være nullutslippskøyretøy. Vi vil ikkje kjøpe nyproduserte fossilbilar. Det vil inn til vidare være åpning for å kunne gå til anskaffelse av fossil bruktbil då mykje av behovet vi har for transport i prosjekta tilseier at slik bil fortsatt må nyttast. Det er også økonomi og miljøstyring i å vedlikehalde og bruke opp ein allereie eksisterande bilpark.

Følge opp prisforespørsel på ladestasjon til parkeringsplass Heradsheim og vurdere om dette skal etablerast.

Avfall: Mål og restavfall

700 kg

Avfall: Mål og kildesortering

40 %

Avfall: Tiltak

40% står som mål for Heradsheim, mtp situasjon med 2 dunkar. Vi tenker å låse av dunkane slik at her ikkje blir kasta vilkårleg avfall frå forbipasserande.

Overordna mål for avfallshåndtering i prosjekta skal være 70% eller betre.

Fortsette det kontinuerlege arbeidet for å halde sorteringsgraden oppe i byggeprosjekta.

Etterfylle og vedlikehalde statistikkbank over avfallshåndtering/registrering i prosjekta som til ein kvar tid er ferdige.

Utslipp til luft og vann: Mål

Gjennomføre vårt virke og våre prosjekt på ein slik måte at påverknaden av ytre miljø og utslipp til luft og vatn blir minst mogleg.

Utslipp til luft og vann: Planlagte tiltak

HS Bygg har ein del utstyr og verktøy. Å ha system for å vite kvar dette til ein kvar tid er, om det fungerer som det skal, treng service el. lign, er utfordrande å halde styr på. Her er store gevinstar i spart tid og uønska køying for å leite utstyr. Det er derfor blitt skipa ei driftsgruppe som blant anna skal jobbe med å få etablert og satt i system tiltak for å betre denne delen av entreprenørdrifta og implementere det ut i organisasjonen. Dette er eit prioritert område vi kjem til å jobbe med i 2022.